

FTU Sogn og Fjordane
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Søknad om fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar for 2019

Viser til fylkeskommunalt trafikktryggingsutval (FTU) si kunngjering i lokalaviser vedkommande FTU-midlar 2019– tilskot til lokale trafikktryggingstiltak.

Også i 2018 innvilga FTU trafikktryggingsmidlar til forvaltning av fylkeslaget. Midlane vart brukt i samband med gjennomføring av Bilførar 65+ kurs i fylket og er svært positive stimuleringsmidlar for dette viktige kurset. Fylkeslaget samarbeider no med Statens Vegvesen v/Inge Grane, Odd Atle Skarstein og Ingeborg Hauglid.

Trafikktryggingsarbeid 2019

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane håpar på vidare godt samarbeid med Statens Vegvesen ang. Bilførar 65+ kurs. I 2018 klarde vi å gjennomføre 9 kurs for tilsaman 179 deltakarar. Dette kunne vore endå fleire dersom instruktørane hadde hatt meir tid til rådvelde. Interesse er svært stor ute i kommunane.

Tildelingskriteria for disponering av trafikktryggingsmidlane i 2019 skal vere til lokallaga som eit administrasjonstilskot på kr 3000,- pr kurs.

Bilførarkurs 65+

Fylkeslaget ynskjer å vidareføre det samarbeidet som alt er etablert på området trafikktrygging for eldre også gjennom bilførarkurset 65+.

For 2019 legg fylkeslaget til grunn følgjande aktivitetsnivå for sin søknad:

Administrasjonstilskot (12 kurs à kr 3000)	kr 36.000,-
Totalt	kr 36.000,-

Søknadssum

Fylkeslaget tillet seg å søkje om kr 36.000,- som tilskotsmidlar i samband med gjennomføring av bilførarkurset 65+ i 2019 for vidareføring av arbeidet som eit ulukkesførebyggjande tiltak for eldre i trafikken.

MVH

Per Kjelstad(s)
Fylkesleiar

Laila Hage
Dagleg leiar

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane
Dagleg leiar Laila Hage
Postboks 140
6801 Førde

Mail: sognogfjordane@pensjonistforbundet.no
Kontor Tlf. 57824943
Kontoradresse: Fjellvegen 10, Førde